

Spennande bustadplanar i Kviteseidbyen

I løpet av året kan eit trebygg i tre høgder stå klart for å huse innbyggjarar som vil prøvebu eller treng ein mindre leigebustad i Kviteseid sentrum.

[Tone Tveit \(mailto:tone.tveit@vtb.no\)](mailto:tone.tveit@vtb.no)

Publisert 14. mars 2017



Leigebustadar: Kviteseid kommune ynskjer å vere med å leggje til rette for fleire utleigebustadar i sentrum. (Illustrasjon: Skisse frå Feste Grenland AS)

Det er i samband med utviklingsprosjektet «Kviteseid i framtida» – som dei siste åra har arbeidd med ulike tiltak for å auke attraksjonskrafta og for å profilere kommunen som ein aktuell bu- og arbeidsplass – at ein også har sett på utleigebustadar i sentrum av kommunen.

Utviklingsprosjektet søkte Husbanken om stønad til eit skisseprosjekt for å sjå på ulike buformer i Kviteseidbyen – og slik blei bustadplanane på Husstøyl fødd.

Arkitektane i Feste landskap og arkitektur presenterte førre veke tankar om korleis bustadane kan bli for kommunestyret i Kviteseid. Dei folkevalte var positive til at kommunen arbeidde vidare med planane.

For utleige

Ved dei gamle offentlege toaletta, omtala «dassane» lokalt, kan det innan utgangen av 2017 kome kompakte, bærekraftige og moderne bueiningar som mellom anna kan få solceller på taka for å forsyne byggja med energi.

Det einaste som vil stå att er grunnmuren før eit tre etasjar høgt massivtrebygg blir reist på tomta. Bygget vil romme sju utleigebustadar, med eit totalt buareal på 200 kvadrat og med leilegheiter i ulike storleikar ned mot 17 kvadratmeter. På skissa blir det også vist til eit felleshus med fellesrom og kontorplass, og som ein også kan nytte til gjesteovernatting. Mellom dei to bygga ser arkitekten føre seg at det kan vere ein hage som kan fungere som møtestad, og som ein kan nytte til å dyrke planter og grønnsaker.

Telemarksavisa skriv i ein artikkel måndag at det også er planar om ei deleordning for bruk av elbil, med ladestasjon og to parkeringsplassar.

Det er enno ikkje teke stilling til om det er kommunen sjølv eller andre som skal byggje utleigebustaden. Det blir halde anbodsmøte etter påske, og målet er at ein kan starte å byggje i løpet av året. Kviteseid kommune har søkt om økonomisk stønad frå både Klimasats og Husbanken til prosjektet, som er kostnadsrekna til om lag 5,5 millionar kroner.